

# Bønder i opposisjon – politisk profil, organisatoriske linjer

*Björg Seland*

Med bildet *Politiserende bønder* frå 1848 tok Adolf Tiedemand opp eit «satirisk motiv», heiter det i *Norsk kunstnerleksikon*.<sup>1</sup> Om tittelen kanskje spelar på nedsettande ordbruk i samtida, er bildet idealisert. Vi ser lyttande engasjement i ansiktsuttrykk og kroppsspråk hos staute, vadmålskledd menn, samla i ei bondestove. Han som har ordet, er kledd i svart, knelang frakk og kvit halsduk – Ein omreisande agitator? Ein kolportør av bøker og tidsskrift? Eller er det skolelæraren som har trekt i finstasen? I så fall ein framtrédande aktør i 1800-talets politiske mobilisering ‘nedanfrå’.<sup>2</sup> Dei fremste i bøndernes opposisjon på Stortinget – Ole Gabriel Ueland (1799-1870) og Søren Jaabæk (1814-1894) – hadde begge bakgrunn som skolehaldarar i sine heimbygder.

Men den parlamentariske bondeopposisjonen hadde røter i ein eldre tradisjon for bondereising (jf. Sandvik og Bjerkås sine kapittel i denne boka). Når det gjeld organisert motstand, har fleire historikarar sett ein forløpar i Haugerørsla. Halvdan Koht meiner beint fram det var haugianarane som «bar bondereisinga fram».<sup>3</sup> Sverre Steen er meir lågmælt i si tilnærming, men viser like klart til samanheng mellom Hans Nielsen

---

1 Malmanger og Sørensen, snl, sist oppdatert desember 2014.

2 Try 1985: 61 ff.; Hommerstad 2014: 31 f.

3 Koht 1926: 335.



Politiserende bønder, Adolph Tidemand 1848.

Hauges kritikk av presteskapet kring år 1800 og det som seinare skulle vekse til ein meir omfattande opposisjon mot embetsmannsstaten.<sup>4</sup> Vidare må vi sjå Thranerørsla som eit viktig steg på vegen mot politisk myndiggjering av meinigmann, før Jaabæk med si organisering av «bondevenner» var med på å forme grunnlaget for ein moderne veljarorganisasjon.<sup>5</sup>

Å trekke slike linjer finn vi teoretisk grunnlag for i nyare forskning, der samfunnsvitarar som Charles Tilly og Sidney G. Tarrow framhevar betydninga av ein opposisjonell tradisjon: Organisering og samhandling er blitt utvikla over tid, utprøving og erfaring er nedfelt som ei form for kollektiv læring gjennom generasjonar og i aukande grad ved utveksling på tvers av regionale og nasjonale grenser.<sup>6</sup> I nyare forskingslitteratur kan vi også sjå at det blir lagt vekt på å spore forløparar for det vi med bakgrunn i Jürgen Habermas' omgrep forstår som moderne offentlegheit.

4 Steen (1946) 1958.

5 Steen 1948; Try 1977; Seip 1981: 78 ff.; York 2014.

6 Sjå f.eks. Tarrow 2011.

Inspirert av britisk historieskriving har også skandinaviske forskarar argumentert for å sjå mykje av 17- og 1800-talets folkelege mobilisering som ei tidleg utvikla *plebisitær* offentlegheit, på bygdene knytt til kyrkjebakken, på visse vilkår også til tingstova, i byane til vertshus, gater og torg.<sup>7</sup> Dette er perspektiv som inspirerer til vide tolkingsrammer for utviklinga av norsk bondeopposisjon.

Som bakgrunn for det lange løpet vi her skal følge, må vi sjølvsgatt ha i minne korleis 1800-talets samfunn var i stadig endring. Den sterke auken i folketal ga i seg sjølv eit pådriv til økonomisk og sosial omstilling. Stikkord for djupstrukturelle endringar er omlegging av landbruksnæringa frå sjølvforsyning til sal, ny teknologi, begynnande industrialisering, migrasjon, emigrasjon og byvekst. Der gamle fellesskap forvittra, voks det frivillige foreiningslivet fram og opna nye arenaer for samvær og samhandling. Betre skolestell og betre vilkår for kommunikasjon var grunnleggande føresetnader for det vi i ettertid ser som framveksten av det moderne organisasjonssamfunnet.

I første del av dette kapitlet vil eg gi eit riss av den parlamentariske opposisjonen, slik den blei profilert under leiarskap av Ueland og seinare Jaabæk. For tida etter 1837 er det sjølvsgatt aktuelt å ha sideblikk til utviklinga av det kommunale sjølvstyret, men det er det rikspolitiske feltet vi særleg skal sikte oss inn mot. Som rimeleg er, må vi søke å avklare den grunnleggande motivasjonen for bøndernes opposisjon: *Var dei politiske krava først og fremst styrt av pragmatisk interessepolitikk, eller var dei inspirert av større visjonar for demokratisering?* I dette spørsmålet kan vi støtte oss til ein omfattande fagdebatt, der det historiografiske bildet viser skiftande syn og vurderingar.

Vidare vil eg trekke linjer gjennom eit felt som meir spreidd og fragmentarisk er behandla i forskingslitteraturen: *utviklinga av det organisatoriske apparatet som bar opposisjonen*. Her gir det mening å peike på ein samanheng frå haugianismens nettverk av vennesamfunn under det seine eineveldet, via Thranes framstøyt for å organisere «den arbeidende Klasse» rundt midten av 1800-talet, fram til Jaabæks bondevennforeiningar kring 1870. I siste del av kapitlet vil eg gå tettare inn på eit lokalt

---

7 Dørum 2012.

agderlag knytt til Jaabækrørsla, eit lag som gjennom si utvikling også illustrerer overgangen til moderne partiorganisasjon.

## I Bønder på tinget

Er det mogleg å identifisere ein profilert bondeopposisjon på Stortinget gjennom heile tidsspennet vi skal følge? Ei rekke historikarar har søkt ei slik avklaring. Faglege perspektiv har gjerne sprunge ut av den såkalla tokkulturlæra, der ein legg til grunn at det innanfor den norske staten fanst to fundamentalt forskjellige samfunnsgrupper: folk flest – det vil i hovudsak seie bøndene – og ein fåtalig elite, representert ved embetsstand og borgarskap.<sup>8</sup> Jens Arup Seip problematiserer på generelt grunnlag slike polariserte modellar, og peiker på faren for overforenkling.<sup>9</sup> I nyare forskingslitteratur har historikarar nytta tokkulturlæra som eit lausare grep, og utfordra det polariserte bildet. Slik har det også kome tydelegare fram korleis både sosiale band og politiske alliansar kunne gå på tvers av standsskille.<sup>10</sup>

Sverre Steen har peikt på motsetningane mellom marknadsorientering og naturalthushald som utgangspunkt for å sjå lengre linjer i bøndenes politikk, samtidig som han knyter an til sentrum-periferi-aspekt og til det kulturgeografiske skillet mellom aust og vest i Norge.<sup>11</sup> Andre historikarar legg vekt på ein djupare og meir grunnfest tradisjon for motstand mot styringsvrig øvrigheit, særleg i den sør- og vestnorske bondekulturen.<sup>12</sup> Den faglege debatten har ellers spunne rundt spørsmålet om bøndenes politikk mest var motivert av deira egne økonomiske interesser, eller om dei også gjekk inn for å styrke ein allmenn demokratiseringsprosess. På eit mindre kontroversielt grunnlag kan ein einast om ei periodisering, der «bondestortinget» 1833 sette eit avgjerande skille for styrken i representasjon, og dermed i vilkåra for å gjere seg gjeldande. Tida som

---

8 Hyvik 2016.

9 Seip 1974: 7 ff. og passim.

10 Dahl 1990: 284 ff.; Hommerstad 2014: VIII-XI; Hyvik 2016.

11 Steen (1932) 1958; Steen 1957 og 1962, passim.

12 York 2014.

følgde er det vanleg å dele i fasar med bakgrunn i opposisjonsleiarane Ueland og Jaabæk sine regime på tinget.

## Representasjon

Haugerørsla fekk eit skot for baugen da leiaren i 1804 blei fengsla for lengre tid, skulda for samfunnsskadeleg verksemd. Rettssaka mot Hans Nielsen Hauge (1771–1824) var enno ikkje avslutta da riksforsamlinga kom saman på Eidsvoll i april 1814. Men dei mest alvorlege skuldingane var lagt til side, og det ser ikkje ut til å ha vekt vidare motstand at fleire av bonderepresentantane i Eidsvollsforssamlinga var haugianarar. Sterke haugianarnamn finn vi også på listene over tingmenn som møtte til dei første stortingssesjonane – og no var det nok ein og annan som frykta at desse ville rotte seg saman for å «nedtrykke embedsklassen».<sup>13</sup> Men dei heller få av bondestand som blei valde til Stortinget dei følgande 10–15 åra, samla seg ikkje i nokon markant opposisjon. Koht meiner likevel å sjå at haugianarane i denne tida utgjorde «den faste kjernen» i bøndenes flokk på tinget.<sup>14</sup>

Den norske grunnlova av 1814 var etter tidas målestokk svært liberal. Stemmeretten var rett nok knytt til embete eller eigedom. Men ettersom norske bønder for størstedelen var sjølveigarar og Grunnlova i tillegg ga stemmerett til dei som leigde matrikulert jord, kan ein rekne at mellom 30 og 40 prosent av alle menn over 25 år fylte krava. Vallova hadde dessutan eit påbod om at 2/3 av stortingsrepresentantane skulle komme frå landdistrikta.<sup>15</sup> Men valdeltakinga var lenge låg, og mykje tyder på at bønder som nytta stemmeretten, heller stemte fram embetsmenn enn eigne standsfellar.<sup>16</sup> I denne samanhengen skal vi også merke oss at sjølve valsystemet, med indirekte val og krav om eidsavlegging i forkant av vala, ikkje akkurat jamna vegen for breiare politisk deltaking.<sup>17</sup>

13 Frå Claus Pavels dagboksnotat 1815–1816, her gjengitt etter Koht 1926: 352.

14 Koht 1926: 352.

15 Dyrvik 2014.

16 Kaartvedt mfl. 1964: 110 ff.; Hommerstad 2014: 75 ff.

17 Kaartvedt mfl. 1964: 51 ff.; Seip 1974: 115 ff.; Dyrvik 2014: 132 ff.

Sommaren 1830 drog gardbrukar Jon Nergaard (1795–1885) frå Rindal på Nordmøre ut på si første agitasjonsferd. Han må reknast som ein tidleg utøvar av moderne valkamp. Det fremste siktemålet var å få bønder til å nytte stemmeretten og velje eigne standsfellar til tinget. Nergaard søkte gjerne støtte hos lokale haugianarar der han kom.<sup>18</sup> Det tente nok saka, men i første omgang nådde han ikkje vidt ut. I frustrasjon over manglande framgang prøvde han eit pedagogisk grep: Han kledde agitasjonen i ein populær og tilpassa form, regissert som ein fiktiv samtale mellom menn som representerte ulike samfunnsgrupper. Det vesle skriftet blei snart kjent som «Ola-boka».<sup>19</sup>

No var ikkje Nergaard den einaste som ville mobilisere bøndene i rikspolitikken – fleire var med og drog i same lei. Særleg markant var telemarkingens Peder Soelvold. Gjennom bladet *Statsborgeren* og som omreisande agitator, argumenterte han for å minke embetsmennenes makt.<sup>20</sup> Ved valet 1832 kom det til eit gjennombrot, og stortinget 1833 talde for første gong fleire bønder enn embetsmenn. Ved neste sesjon sto bøndene framleis sterkt. Seinare skulle det gå noko opp og ned, men bondepolitikarane hadde etablert ein opposisjon dei skulle befeste og styrke i tida som følgde.<sup>21</sup>

I tidsrommet 1815–1830 ser vi ein tendens til at det var austlendingar som dominerte ‘bondebenken’, med særleg tyngd i representasjonen frå Hedemarken og Kristians amt.<sup>22</sup> Denne tendensen var også knytt til ein storbondeprofil. Når også vestlandsamta Stavanger og Nordre Bergenhus i denne fasen låg forholdsvis høgt i bonderepresentasjon, kan dette ha samanheng med sterkt engasjement i lokale haugianarmiljø.<sup>23</sup> Lister og Mandals amt låg ikkje mykje tilbake for Stavanger i talet på bondetingmenn. Med Ueland – og seinare Jaabæk – steig representantar for dei egalitære bygdesamfunna på Sørvestlandet fram i leiarsjiktet for ein stadig sterkare profilert opposisjon.

---

18 Koht 1926: 353.

19 Sjå f.eks. Steen 1962: 251 ff.

20 Steen 1964: 253 ff. og passim; Storsveen 2014.

21 Steen 1962: 254 ff.; Try 1979-I: 454 ff.

22 Seip 1974: 149; Hommerstad 2014: 76 ff.

23 Hommerstad 2014: 82.

## Stand og stil

At bøndene i 1833 blei så talsterke på tinget, sette ein støkk i den etablerte eliten – somme såg det beint fram som «Uvidenhedens Triumph og Barbariets Forløber».<sup>24</sup> Dei meir moderate søkte å dempe si uro for politiske kalvesprang. Observatøren Carl Fougstad søkte trøyst i trua på at «lys Forstand, hurtig Opfatningsevne, skarp Dømmekraft og ofte et saare heldigt Fremstillings-Talent» var eigenskapar som kjenneteikna «den bedre Deel af den norske Bondestand».<sup>25</sup> Etter å ha følgd stortings-sesjonen kunne han også melde at bøndene hadde visst å te seg. Dei var «dedicerede Opponenten», men dei viste også «varm og oprigtig Kierlighed» til Konge, konstitusjon og fedreland, og «sand Agtelse» for «øvrigte Borgerclasser». Berre holdninga i finanspolitiske saker vekte uro. Her kjende bøndene «intet andet Hensyn end at spare» og hadde «i Regelen intet andet Svar end Nei».<sup>26</sup>

I lys av tokulturlæra er det lettare å sjå dei sosiokulturelle utfordringane stortingsbøndene møtte. Dei måtte spele ei gjesterolle på eit framant teater, seier Hans Try – språket var forma av embetsmennene, og argumentasjonen måtte tilpassast Kristiania-opinionen.<sup>27</sup> Det skulle mykje til å forsere desse kulturelle barrierane. Sjølv dei som i heimtraktene var rekna som bygdas 'beste menn', var dårleg skodd for rikspolitikken. Særleg dei første tiåra etter 1814 gjorde bondepolitikarane lite av seg. Jacob Aall, som sjølv var eidsvollsmann og representant på dei fleste storting fram til 1830, skriv i sine erindringar at bøndene aldri tok noko politisk initiativ av betydning.<sup>28</sup>

I 1833 møtte O. G. Ueland første gong på Stortinget. «Han kom som ud af Fjeldet i det ruklede og ujevne Heskestads Præstegjeld», skal den meir erfarne bonderepresentanten Jon Nergaard ha sagt.<sup>29</sup> Uslipen var han nok, medgir biografen hans, Arne Bergsgård, han som dei andre på bondebenken. Han var ukjend med «stilen» og strevde med det formelle

24 Fougstad 1834: 9.

25 Fougstad 1834: 19.

26 Fougstad 1834: 23 og 25.

27 Try 1979: 459.

28 Bergsgård 1932-I: 70.

29 Her etter Bergsgård 1932-I: 68.

språket.<sup>30</sup> Så høyrer det også med til karakteristikken av Ueland at han knota sitt «stive kloktermål». Når han dessutan hadde heimedialektens «syngende tonefall», var det visst etter tidas målestokk vanskeleg å oppvise retorisk eleganse på Stortingets talarstol.<sup>31</sup>

Men alt på den første tingsamlinga hadde Ueland merkt seg ut som eit politisk talent. Han blei oppfatta som klartenkt og slagferdig – presis i uttrykksmåte, likevel med ei fengande form. Gjennom taktiske kompromiss klarte han å samle ulike fløyer, og snart sto han som bondeopposisjonens fremste representant. Mange har framheva hans fine framferd og «elskværdige Personlighed». Men både tilhengarar og motstandarar skulle etter kvart få erfare at Ueland hadde ein nær usliteleg pågangsvilje. Som taktikar blei han både beundra og berykta – dei argaste motstandarane karakteriserte han som listig og slu.<sup>32</sup>

Da Søren Jaabæk i 1845 møtte på tinget første gong, heldt han seg tett til Ueland i alle viktige saker. Men han visste også å markere seg, og kom snart til å sette farge på debattane i tingsalen. Først i 1860-åra, da Ueland var ved å trøytné, aksla han seg til å tre fram som leiar for bondeopposisjonen – utan nokon gong å bli så samlande som forgjengaren hadde vore.<sup>33</sup> Vi tenker vel ofte på desse bondeleiarane som representantar for ulike generasjonar. Men aldersforskjellen var ikkje så stor: den eine fødd i 1799, den andre i 1814. Dei delte dessutan erfaringar i rikspolitikken gjennom meir enn 20 år: Ueland møtte på tinget 1833–1869, Jaabæk 1845–1891.

Dei representerte rett nok kvar sine amt, men det var ikkje mykje som skilde i sosial og kulturell herkomst mellom folk frå det eine og det andre sørvestlandske bygdelaget. Ueland var fødd i Lund sokn, rett vestanfor grensa til Lister og Mandals amt, Jaabæk i Holum – no ein del av Mandal kommune. Begge kom frå små kår, begge blei i unge år, etter eit minstemål av opplæring, sett til å vere lærar i den lokale omgangsskolen. Begge gifta dei seg 'oppover' til større og betre gardar, og begge kledde ei rekke verv i sine heimlege lokalsamfunn, både før og under perioden dei tente som tingmenn.

---

30 Bergsgård 1932-I: 70.

31 Fuglum 1949: 304.

32 Fuglum 1949: 304.

33 Slettan 1999.



Brevvekslinga mellom dei to vitnar om djup samforstand rundt rollene dei hadde som politikarar på riks- og kommuneplan. I det første brevet Ueland skreiv til Jaabæk, datert oktober 1846, listar han opp dei mange gjeremåla han har i ulike verv – for ikkje å snakke om alt det bar med seg å vere gardbrukar, husbond og far til ein stadig større barneflokk. Mest dagleg fekk han besøk av folk «fra den ene Ende af Stavanger Amt til den anden, ja langt ind i Bergens og Lister Amter», som ville ha hjelp i ulike saker. Så var det heile knippet av lokale verv: Han var kyrkjesongar, skolehaldar, forlikskommisær og prestens medhjelpar; dertil gjorde han teneste som fattigforstandar, ordførar og amtsvegmeister. «Alt dette maa give noget at bestille», kommenterer han skjelsk. Og enda hadde han «nær glempt den vigtigste Bestilling», han var nemleg også «den største Bonde i Hæskestad».<sup>34</sup>

Dette var kvardagar Jaabæk kunne kjenne seg igjen i – også han gardbrukar med mange offentlege verv, og etterspurt som rådgjevar for bygdefolk i smått og stort. Under stortingssesjonen og i det første brevet han skreiv til den eldre representanten, hadde han tydelegvis etter tidas skikk nytta stive tiltaleformer. No inviterer Ueland i spøkefulle ordelag til ein meir jamnbyrdig tone: «sig aldri mere ‘De’ til mig» – gjorde Jaabæk det, skulle Ueland vite å svare: «Høivelbaaren skal jeg kalde Dig i hver anden Linie (...)!»<sup>35</sup> Med åra skulle tonen mellom dei bli mindre jovial. Det har nok sin bakgrunn i motsetningar på fleire plan – både i politiske saker og i spørsmål som galdt organisering av bøndenes opposisjon.

## Politisk profil

Med inspirasjon særleg frå britisk historieskriving, der religiøse rørsler tidleg fekk ein sentral plass i fagdebatten om drivkrefter i sosial og politisk utvikling,<sup>36</sup> har norske forskarar peikt på sambandet mellom Hauge-

34 Jaabækarkivet (SAK): Brev frå O. G. Ueland til S. Jaabæk, datert 30.10.1846. [I Jaabækarkivet er det bevart seks brev frå Ueland frå tidsrommet 1846–1850. Alle desse er forma som svar på brev Ueland har fått frå Jaabæk. I privatarkivet etter Ueland (RA) er det bevart ei samling brev til Ueland frå i alt 31 namngitte stortingsmenn, men ingen brev frå Jaabæk og ingen frå Sverdrup. Spreidde tilvisingar til brev frå desse to til Ueland er å finne hos Koht (1918) og Bergsgård (1932).]

35 Jaabækarkivet (SAK): Brev frå O. G. Ueland til S. Jaabæk, datert 30.10.1846.

36 Seland 2016.

rørsla og 1800-talets bondeopposisjon (sjå ovanfor). Hans Nielsen Hauge sto ikkje berre som leiar av ein lågkyrkjeleg opposisjon, han var også ein driftig næringslivsgründer.<sup>37</sup> Den omfattande rettssaka han måtte utstå, bygde på alvorlege klagemål: Han skulle ha søkt å skipe «en egen Sect» og «et særskildt Borgersamfund i Staten».<sup>38</sup> Hauge utfordra både kyrkjeleg einskap og verdsleg orden. På begge felt galdt det statens kontroll med sine undersåttar – Da handlar det i høgste grad om politikk!

Dei som representerte bondestanden på Stortinget, blei i samtida skulda for å fremme eigne interesser meir enn dei støtta opp om det nasjonale fellesskapet. Dette synet har hatt innpass også hos historikarar som såg etter linjer i 1800-talets opposisjon. Her kan fagdebatten stundom ha preg av personlege klagemål og forsvarstalar – ikkje minst kjem dette til uttrykk i omtalen av Ueland. Ernst Sars skutta seg mot det han såg som «udpræget almuemæssigt» ved Uelands tenkesett, og hevda hans påståtte liberalisme når alt kom til alt var avgrensa til det som tente «de for hans samfundsklasse særegne interesser og fordomme».<sup>39</sup> Koht var meir open for å sjå ei prinsipielt demokratisk linje i bøndenes politikk.<sup>40</sup> Det er eit syn Bergsgård pressar så sterkt i sin biografi over Ueland at Sverre Steen – i ein ellers perspektivrik omtale av denne boka – meiner forfattaren tenderer mot å bli «Uelands advokat istedenfor hans historiske biograf».<sup>41</sup>

Marthe Hommerstad har systematisk søkt etter ein bondepolitisk profil dei første tiåra etter 1814. Ho bekreftar at bøndenes økonomiske interesser i høg grad var styrande, og at engasjementet var sterkast i «de nære ting» – som tilhøve rundt jordeigedom, skattlegging og privilegiepolitikk. Når dei skulle fremme og forsvare sitt syn, bygde bonderepresentantane gjerne på vurderingar om kva ein måtte sjå som rett og rimeleg. Men dei kunne også spele opp til patriotisme, slik dei talte om landets allmenne vel og om respekt for Grunnlova.<sup>42</sup> Steen poengterer at 1800-talets bondetingmenn ikkje var aleine om å arbeide for eigne interesser – det gjorde også embetsmenn og byborgarar i rik mon. Og

37 Dørum og Sodal 2017.

38 Grunnlaget for tiltalebeslutninga av 1809, punkt B.

39 Fuglum 1949, sitat: 303.

40 Koht 1918, passim, særleg: 131 ff., 136, 158 ff.

41 Steen (1932) 1958: 165.

42 Hommerstad 2014: 85 ff.

tendensen til å grunngi sine standpunkt med meir høgverdige formål, som omsyn til staten og kjærleik til fedrelandet, var så menn utbreidd på tvers av standsskillet.<sup>43</sup>

Det er også grunn til å minne om den internasjonale bakgrunnen for utviklinga av Stortinget som politisk arena. Den første tida etter 1814 var Europa prega av reaksjonen som følgde den store franske revolusjonen. Etter julirevolusjonen i 1830 dreidde stemninga, og liberalismens idear vann fram på breiare felt. Norge var ein ung stat, utan egne rikspolitiske tradisjonar. Ofte sto det meir å lese i norske aviser om utviklinga i Frankrike og England enn om norsk politikk.<sup>44</sup> Lesekunnskapen sto sjølvsgatt ikkje like sterkt i alle sosiale sjikt, men eliten i bygdesamfunnet var gjerne godt orientert.<sup>45</sup> Med «bondestortinget» 1833 hardna frontane i tingsalen, og bøndenes argumentasjon leiver liten tvil om at dei kjende liberalismens ideologi. Men var politikken deira eigentleg tufta på liberalisme?

Som vi alt har vore inne på, meiner Steen det er meir fruktbart å nytte andre synsvinklar enn den som siktar langs aksen liberal–konservativ. Han peiker på klassekjensla som eit grunndrag i Uelands samfunnssyn, og på ein djup uvilje mot embetsmennesenes makt. Steen minner også om at landbruket lenge var basert på eit naturalhushald der varebytte mellom bygder og landsdelar betydde mykje. Når bøndene selde varer, var det først og fremst for å skaffe pengar til skatt, avgifter og renter på lån. Da såg dei seg sjølvsgatt tent med mest mogleg frie vilkår for varebytte, samtidig som dei ville halde kontante utlegg så låge som råd var. Med dette som utgangspunkt kan vi følge ei linje gjennom mykje av bondepolitikken, der eklektisk liberalisme, offentleg sparing og kommunalisme utgjør hovudelementa i ein større heilskap.<sup>46</sup>

Seip følger langt på veg Steens synsmåte når han skisserer «[d]et tunge sig i bondepolitikken». Han peiker særleg på koplinga mellom sparing og «antibyråkrati». Sparinga kom tydeleg til uttrykk i saker som galdt embetsmennesenes inntekter og pensjon. Men bøndene søkte også å spare bygdesamfunnet for offentlege kostnader ved å velte så mykje som mogleg

43 Steen (1932) 1958. Hommerstad 2014: 149.

44 Steen 1962: 250 f.; Bergsgård 1965: 110 ff.; Seip 1974: 148 ff.

45 Døssland 2003; Dørum 2012.

46 Steen (1932) 1958.

over på staten. Utgifter til veg og regionale fellesinstitusjonar såg dei helst at byane betalte for. Når det galdt statens finansar, ville bondeopposisjonen – med Ueland i spissen – erstatte direkte skattlegging med toll og avgifter. Her vann dei også massivt fram da Stortinget i 1836–37 vedtok å avskaffe direkteskatten.<sup>47</sup>



Ole Gabriel Ueland, avbilda i *Almuevennen* nr.19-1855.

Den andre store saka Ueland fronta på denne tida, galdt organisering av lokalstyret på bygdene. Det var ein stor siger for bøndene da formanskapslovene under den same stortingssesjonen endeleg fekk fleirtal. Ueland gjekk dessutan systematisk inn for å auke folkeleg deltaking og erstatte embetsmennenes ‘ekspertstyre’ med lekmannsskjønn. Han meinte mellom anna at ein godt kunne klare seg utan sorenskrivarens hjelp i delings- og skyldsettingsforretningar, og at lensmannsombodet skulle vere eit folkeleg tillitsverv. Vidare meinte han det burde vere fritt val av forlikskommissærar. Han gjekk også inn for å opprette sokneråd, og han ville ha ei juryordning der lekfolk fekk medverke. Også denne linja kan seiast å ha eit dobbelt siktemål: bondekommunalisme og offentleg sparing.<sup>48</sup>

47 Seip 1974: 148 ff., sitat 154.

48 Fuglum 1949: 286 ff.; Seip 1974: 155; Try 1979-I: 559 f.

Da Jaabæk entra den rikspolitiske scenen, følgde han i Uelands spor med ei kamplyst som snart fekk temperaturen til å stige i tingsalen. Ingen var steilare enn han i saker som galdt offentleg pengebruk, ingen var meir kompromisslaus mot «Embedsvældet». Jaabæk var nok ikkje særleg driven som taktikar, han hadde meir sans for direkte konfrontasjon. Etter kvart som han blei varm i trøya, ville han føre ein meir systematisk opposisjonspolitikkk retta mot regjeringa. Men Ueland ville ikkje inn på den linja. No blei skilnadene mellom dei to tydelegare, ikkje berre i form, men også i politisk grunnsyn.<sup>49</sup>

Både Ueland og Jaabæk var inspirert av liberalismen, som økonomisk konsept og som politisk ideologi. Men hos Jaabæk låg det ideologiske engasjementet djupare – han var ein ivrigare og meir «følgstreng» liberalist, seier Hans Try. Ueland kunne nok i prinsippet støtte tanken om allmenn stemmerett, men Jaabæk gjekk meir målbevisst inn for å inkludere breie lag av folket i dei politiske prosessane. Der Ueland i sin «grunnlovskonservatisme» veik tilbake for alt som kunne rokke ved det etablerte styresettet, kunne Jaabæk argumentere for å løyse banda mellom stat og kyrkje, avskaffe monarkiet og redusere det militære forsvaret til eit minstemål. Med sine djerve utspel og si bratte form blei Jaabæk omstridd både mellom bondepolitikarane og mellom sine eigne veljarar.<sup>50</sup>

1800-talets sosiale og økonomiske endringsprosessar måtte sjølvstekt verke inn på det politiske feltet, både for dei som sat med styringsansvar og dei som sto i opposisjon. Industrialiseringa var i emning, pengehus-haldet breidde seg også på bygdene, og eit aukande behov for vegar og annan infrastruktur la stadig sterkare press på statsfinansane. Sjølvstekt styringssystemet frå 1814, der embetsmennene i realiteten hadde det avgjerande ordet i alle maktinstansar, kom under aukande press. Vedtaket om årlege storting (1869) opna også for sterkare trykk og meir samanheng i det rikspolitiske arbeidet. Dette var bakgrunnsbildet da Jaabæk kring 1870 slo inn på nye vegar og engasjerte seg meir aktivt i systemkritisk politikk. På dette feltet skulle han søke alliansepartnarar langt utanfor

49 Try 1979-I: 462 ff.; Slettan 1999.

50 Bergsgård 1932-I: 570 ff.; Try 1979-I: 461 ff.; Slettan 1999, Roos 2016.

bøndenes rekker, og han skulle reise ein organisasjon som var med på å reide grunnen for eit moderne partisystem.

Det store oppgjeret i striden mellom statsmaktene kom til å utspele seg rundt konflikhtar vi i kortform omtalar som «statsrådssaka» og «vetostriden». Dette sakskomplekset rokka ved sjølve fundamentet for «embetsmannsstaten», og førte til sterk polarisering av all politisk debatt. På Stortinget fylka dei stridande flokkane seg bak harde frontar. Utan støtte frå bøndene kunne ikkje Johan Sverdrup (1816–1892) ha reist den venstrekoalisjonen som vann fram med kravet om riksrett – eit krav som mobiliserte breidt også mellom bondeveljarar ved stortingsvalet 1882. Med riksrettsdommen i 1884 fekk vi i realiteten eit systemskifte: Parlamentarismen var knesett som grunnleggande styringsprinsipp.<sup>51</sup>

## II Organisering, nettverk og kommunikasjon

Bondeopposisjonen var aldri heilstøypt. Motsetninga mellom storbøndene på Austlandet og representantar frå meir karrige sør- og vestlandske bygder slo titt nok igjennom.<sup>52</sup> Ueland balanserte oftast godt, han ville ikkje bli skulda for å leie eit reint «Vestlandsparti».<sup>53</sup> Alt frå «bondestortinget» 1833 ser vi at bøndene også bygde alliansar på tvers av djupare standsskille. Første forsøket på å formalisere slikt samarbeid gjennom eit representantparti – Reformforeningen av 1859 – kom i stand etter initiativ frå Sverdrup. Det skulle rett nok vise seg å bli eit kortliva tiltak (sjå nedanfor).<sup>54</sup>

I takt med dei allmenne moderniseringsprosessane blei stadig større delar av samfunnslivet prega av folkeleg medverking. Her skal vi merke oss eit tidsskille kring 1840, da det moderne konseptet for frivillig organisering fekk gjennomslag. Ei frivillig foreining skulle ha formulert formål, skrivne statuttar, individuelt medlemskap og eit styre som var demokratisk valt. Lokale lag kunne slutte seg til ein organisatorisk overbygning på

<sup>51</sup> Seip 1981: 207 ff.; 240 ff.

<sup>52</sup> Kaartvedt mfl. 1964: 467 ff.; Seip 1981: 127 ff.

<sup>53</sup> Sjå f.eks. Bergsgård 1932-I: 169 og 1932-II: 13.

<sup>54</sup> Koht 1918: 231 ff. Og 280 ff.; Bergsgård 1932-I: 73 ff. og 1932-II: 187 ff.; Seip 1981: 104 ff.

regionalt og etter kvart nasjonalt nivå.<sup>55</sup> Gjennom forskningslitteratur frå dette feltet kan vi også følge linjer i utviklinga av utanomparlamentarisk opposisjon. Innanfor det vide perspektivet vi her har lagt på bondeopposisjon, trer dei haugianske vennesamfunna fram som ei førmoderne form for organisering av allmugen. Ved at dei systematisk bygde eit varig og vidstrekt kontaktnett, representerer haugianarane likevel noko kvalitativt nytt.

## Haugerørsla

Da bondesonen Hans Nielsen Hauge reiste sin lekmannsopposisjon innanfor den norske statskyrkja, fekk han tilhengarar i alle landsdelar. Etter som Hauge også inspirerte til næringsmessige tiltak, fekk nettverket eit dobbelt siktemål: Dei truande skulle støtte kvarandre både åndeleg og materielt. Da Hauge i 1802 utforma meir institusjonaliserte rammer for samhandling, fekk rørsla ein fastare struktur. Lokalt leiarskap blei formalisert ved utpeiking av «Ældste» eller «Opsynsmænd». Ved brevveksling, reiseverksemd og kolportasjon av skrifter skapte dei sine kanalar for kommunikasjon. Kontaktnettet blei oppretthalde også etter Hauges død i 1824.<sup>56</sup>

Første generasjon haugianarar hadde stort sett bakgrunn i bondesamfunnet. Dei bygde sitt trusfelleskap med utspring i det nære samfunnets primærgrupper: hushaldet og arbeidsfelleskapet på eit gardsbruk eller i ei familiebasert handverksbedrift. Det næringsmessige samarbeidet blei lagt opp etter mønsteret for familiedrive jordbruk eller handverksproduksjon. Møta dei heldt, hadde form av ein utvida husandakt. I tråd med den klassiske sosiologiens omgrep for samhald og samhandling kan vi karakterisere dei haugianske venneflokkane som fellesskap med sterke trekk av *Gemeinsschaft*-relasjonar. Men dei lokale gruppene henta styrke i opplevinga av å høyre til i ein større og stadig sterkare flokk av lekfolk i opposisjon. Dei utvikla ein felles identitet som 'rettruande' og eit

55 Steen 1948; Try 1985.

56 Steen (1946) 1958; Dørum og Sødal 2017.

kommunikasjonssystem som gjorde det mogleg å halde kontakt på vidt, nasjonalt plan.<sup>57</sup>

Med bakgrunn i det gamle samfunnets orden var leiarskap basert på paternalismens prinsipp. Som øvste leiar hadde Hans Nielsen Hauge ei form for høvdingmakt. Vennene har skildra han som ein mild og audmjuk mann, men med ein styrke i vesen og veremåte som ga han ein særeigen autoritet. Han naut stor respekt for sin bibelkunnskap, og han blei møtt med den age trusfellar meinte tilkom ein mann Gud sjølv hadde kalla til ei stor forkynnargjerning. Målretta knytte Hauge til seg enkelt-personar – helst unge menn, i visse tilfelle også kvinner – som skulle danne grunnstammen i ein flokk av særleg tiltrudde venner. På tidas vilkår utgjorde desse ein organisatorisk elite. Dei blei sett til å leie verksemda «i Hovedstæderne», og til å peike ut gode leiarar på mindre stader i sin del av landet.<sup>58</sup>

Fleire av neste generasjons haugianarar var i 1842 med på å grunnlegge Det Norske Misjonsselskap (NMS), den første landsdekkande organisasjonen tufta på det moderne organisasjonskonseptet. Haugerørsla hadde eit rikt potensial, men det var dei nye samanslutningane som opna for brei deltaking, som realiserte organisasjonsdemokratiet og ga lekfolk faste rammer for samhandling. Det er likevel trekk ved det haugianske nettverket som peiker fram mot Habermas' omgrep om ei *plebisitær* offentlegheit – eit rom for folkeleg artikkelasjon av verdisyn og meiningar. Det gjeld møtetradisjonen og det gjeld litterær kommunikasjon, knytt til kolportasjon av skrifter, til Hauges mange brev og ei utstrekt brevveksling Hauge-vennene imellom.<sup>59</sup>

Som tidlegare nemnt var det haugianarar med både i riksforsamlinga 1814 og i dei første stortingssamlingane. I ulike delar av landet gjorde dei seg også gjeldande innanfor det lokale sjølvstyret.<sup>60</sup> Fleire har meint å vite at Ueland var haugianar, men i livsform og kulturell orientering viser han seg langt opnare for verdslege verdiar enn det haugianismens

---

57 Seland 2017.

58 Seland 2017.

59 Seland 2017.

60 Dørum 2017.



pietistiske grunnsyn ga rom for.<sup>61</sup> Det er likevel verd å merke seg at både Ueland og Jaabæk kom frå det sørvestlandske omådet der ein religiøs lekmannsopposisjon gjennom heile 1800-talet sette farge på lokal kultur. Ueland skulle på ein heilt annan måte enn Jaabæk lykkast med å balansere sitt politiske syn mot pietisme og bedehuskultur (sjå nedanfor). Men den bratte myndiggjeringa av meinigmann, som også henta næring i den folkelege pietismen, har utan tvil vore med på å forme dei begge som politikarar.<sup>62</sup>

## «et 'belag' av særlig art i hovedstaden»

I sin omtale av Arne Bergsgårds verk om Ueland og bondepolitikken reflekterer Sverre Steen rundt dei historiske røttene til politiske samanslutningar i Norge. Han viser til «den vanlige lære» om engelske og til dels franske forbilde for organisering, men han vil også peike på eit heimleg grunnlag:

Vi må ikke se bort fra at partiene kan bygge på småsamfunnene, på det selskapelige samliv i bygdene og i by-laugene [...] Er det urimelig å tro at Uelands første politiske parti i 1839 var dannet som en «selskkelig sammenslutning» av bondetingmenn, et «belag» av særlig art i hovedstaden?<sup>63</sup>

Det Steen her nemner som Uelands første politiske parti, må vere samarbeidet han la opp til stortingsbøndene imellom, m.a. ved at dei møttest til rådslag under sesjonane. Alt frå første stortingsferd har han vore bevisst på verdien av samråd med likesinna – og vist vilje til å påverke der han meinte det var noko å vinne.

Ueland skreiv løpande notat om reisene sine til Stortinget; her oppgir han reiserute, kor han gjorde stans og ofte kven han møtte. I 1851 drog han heimanfrå 13. januar og overnatta i Flekkefjord før han drog vidare til «Jaabek ved Mandal» – Vi treng knapt spørre kven som hyste han der. Så er det ikkje urimeleg å tenke seg at dei to bondetingmennene slo følge vidare til Kristiansand, der Ueland oppgir at han «formedelst

61 Bergsgård 1932-I: 17 ff.

62 York 2014; Seland 2017.

63 Steen (1932) 1958: 175.

Forretninger og for at komme i Selskab med Andre» gjorde opphald heile tre dagar. På vegen vidare kom det fleire til, så da dei 25. januar nådde hovudstaden, var dei blitt fem i følget, alle med tilknytning til bondeopposisjonen. No tok dei inn på Hotel Kopenhagen eit par dagar før dei flytta kvar til sitt losji.<sup>64</sup> Dei har nok snakka om likt og ulikt undervegs, og dei har drøfta saker som skulle opp på tinget. Stortingsferda fekk form av eit reisande gruppemøte.

I Kristiania hadde bondetingmennene meir eller mindre faste møteplassar. Oftast samla dei seg på hyblane dei hadde ute i byen, gjerne kveld etter kveld. Var det noko særleg om å gjere, kunne dei opne døra for ein jurist eller ein pressemanndei hadde tillit til. At dei samla seg til slike møte, blei sett på med mistru av meiningsmotstandarane, og kraftig kritisert av redaktørar i konservative aviser: Dette lukta av «Partivæsen», noko som enno var for eit skjellsord å rekne. Mellom bøndene gjekk det jamvel rykte om at dei blei overvaka av politiet.<sup>65</sup>

Fram til 1871 sat ikkje Stortinget samla meir enn kvart tredje år, og sesjonane skulle helst ikkje strekke seg over meir enn tre månader.<sup>66</sup> Det gjorde det ikkje enkelt å halde oppe noko fast samarbeid over tid. Men tingmennene skreiv til kvarandre, og dei skreiv om politiske saker. I arkivet etter Ueland er det bevart brev frå meir enn 30 andre stortingsrepresentantar, brorparten av desse var bondetingmenn. I Jaabækarkivet, der brevmaterialet ikkje er så spesifikt ordna, ser vi også utslag av denne iveren etter å halde kontakt – og til stadig å minne kvarandre om at dei hadde felles saker å løyse. Da Ueland i oktober 1849 skreiv til Jaabæk, takka han ikkje berre for siste brev, men litt sursøtt også for «Dine Stikpiller! – Nei min Ven, jeg sover ikke ...». Så kjem han med ei lengre unnskyldning for manglande initiativ: Han hadde så mykje å stå i, med gard og familie og lokale verv.<sup>67</sup> For dette hadde dei også felles, dei fleste bondetingmennene: eit sterkt engasjement i lokalsamfunnets ve og vel. Her forvalta dei ein tradisjon med røter tilbake til middelalderen, med

64 Uelandarkivet (RA), pakke 2: Bok med diverse notat.

65 Bergsgård 1932-I: 72 ff.; 103 f.; 369 og passim.

66 Etter ordninga som galdt 1818–1857, blei stortingssesjonane haldne kvart tredje år på vårparten, året etter stortingsval. Frå 1859 var det – framleis kvart tredje år – haustsesjonar. Etter vedtak 1869: årlege storting. (Kaaertvedt mfl. 1964: 150 ff.)

67 Jaabækarkivet (SAK), brev datert 18.10.1849.

bønder i ulike ombod knytt til både verdsleg og kyrkjeleg forvaltning, og til rettsstellet.<sup>68</sup>

I den gamle bygdekulturen var belaget ei forpliktande samanslutning for dugnad og felles løft, både i arbeid og til fest. Steen er nok inne på noko når han omtaler bondetingmennene sitt hopehav som eit belag «av særleg art i hovedstaden». For også her galdt det å mønstre alle mann alle – til politisk dugnad!

## Tidlege representantparti

Nemninga 'parti' finn vi brukt gjennom heile 1800-talet, som for eksempel om dei ulike meiningsfløyene ved riksforsamlinga på Eidsvoll, og seinare om flokkar av representantar som samarbeidde frå sak til sak på Stortinget. Som vi alt har vore inne på, herska det lenge ein uttalt motvilje mot at politikarar forplikta seg til samarbeid over tid – idealet var den uavhengige representanten som tok stilling på sjølvstendig grunnlag. Rasjonelt botna denne haldninga i bekymring for at meir eller mindre tilfeldige maktkonsentrasjonar skulle skiple vilkåra for open og velfundert saksbehandling.<sup>69</sup> Like fullt danna det seg tidleg grupperingar vi kan sjå som forstadium til eit moderne partisystem.

Eit moderne parti skal representere visse interesser, rekruttere politiske leiarar, bearbeide opinionen og mobilisere veljarar ved offentlege val. Innanfor vestleg liberal tradisjon er dette partisystemet stegvis utvikla, ofte med utspring i samarbeidsgrupper innanfor parlamentet. På eit seinare stadium kan slike «representantparti» søke støtte frå eit breidt organisert «veljarparti» – eller dei kan bli kasta, dersom veljarane meiner dei ikkje held mål.<sup>70</sup> På 1880-talet fekk vi med organiseringa av Venstre og Høgre, dei første moderne partia i Norge. Dei var basert på forpliktande program, med veljarorganisering og opne nominasjonsprosessar.

Tidleg teikna det seg eit skille mellom stortingsmenn som støtta regjeringa (dei «ministerielle»), og representantar som markerte seg i opposisjon. Innanfor opposisjonsflokken kunne ein skille mellom bondetingmenn og

68 Myking 2014.

69 Seip 1981: 75.

70 Mjeldheim 1987: 11 ff. og 52 ff. Seip 1981: 74 ff.

ein mindre flokk med bakgrunn i ein urban elite. Fram til tingsamlinga i 1851 hadde Ueland klart å halde bøndene nokolunde samla, og søkt støtte frå sak til sak hos liberale representantar som Ludvig Kristensen Daae og Adolf B. Stabell.<sup>71</sup> Men no hadde revolusjonsåret 1848 ute i Europa og Marcus Thranes opposisjonelle organisering her heime sendt sjokkbølger inn i det etablerte regimet. Ikkje utan grunn kjende det austlandske «bondearistokratiet» seg truga. Ueland derimot, lytta med interesse til den «Thranske Agitation». Med litt sliping og tilpassing kunne «Thranenserne» bli våre «gode Medkjæmpere», skreiv han til Jaabæk hausten 1850.<sup>72</sup>

Både Ueland og Jaabæk støtta fleire av dei sentrale punkta i thranittane sin petisjon til Stortinget. Det fekk dei betale for når mange som før var støttespelarar, no snudde seg vekk.<sup>73</sup> I 1851 møtte også den unge juristen Johan Sverdrup (1816–1892) for første gong som stortingsmann. I fleire saker søkte han samråd med Ueland,<sup>74</sup> og i åra som følgde blei det gjort fleire forsøk på å formalisere samarbeidet mellom bondetingmenn og opposisjonelle representantar frå ein meir urban elite. Ingen av dei ga grunnlag for varig organisering.<sup>75</sup> På sikt kom likevel samforstand mellom Sverdrup og bondetingmennene til å legge grunnlag for ein breiare liberal front i rikspolitikken, kjent som venstrekoalisjonen.<sup>76</sup>

Eit dristig forsøk på formalisert samarbeid mellom opposisjonens menn var Reformforeningen, stifta 1859. Sverdrup var initiativtakar, og han fekk tidleg Uelands støtte til ideen.<sup>77</sup> Dei var samde om at dette ikkje berre skulle vere ein samtaleklubb, her skulle ein arbeide etter eit program. Men flokken delte seg i spørsmålet om kor forpliktande samarbeidet skulle vere. Sverdrup skal ha meint at medlemmene burde binde seg til å stemme saman, Ueland meinte det var å gå for langt. Da dette blei referert i *Morgenbladet* – ei avis som tidlegare hadde vore talerøyr for opposisjonen – gjekk det eit ras av indignasjon over at dei folkevalde

71 Seip 1974: 164 ff.

72 Jaabækarkivet (SAK), brev datert 22.11.1850.

73 Seip 1974: 173; Try 1977.

74 Koht 1918: 119 ff. og passim; Bergsgård 1932-I: 555; Seip 1974: 173; Seip 1981: 48 og 79, note 25.

75 Koht 1918: 119 ff.; Seip 1981: 102 ff.

76 Seip 1981: 141 ff.

77 Brev frå Ueland til Sverdrup datert 03.09.1858, gjengitt i Koht 1918: 233 f. og brev frå Ueland til Jaabæk, datert 26.01.1859, Jaabækarkivet (SAK).

kunne tenke på å praktisere noko så uverdigg som voringstvang. Ueland, som hadde vore ordstyrar under fleire av samlingane, fekk ei stygg ripe i lakken, og foreininga fekk ei særskort levetid.<sup>78</sup>

Tida var så avgjort ikkje mogen for partidanning etter engelsk forbilde, slik Sverdrup hadde sett det for seg.<sup>79</sup> I ettertid er det likevel interessant å sjå kor stort det var tenkt. Foreininga skulle ha eit program som sikta mot konkrete reformer – liberalt, men ikkje så vidtgåande at det ville skremme «vore frygtsomme og forsigtige Patrioter», åtvare Ueland.<sup>80</sup> Forslaget dei vel 30 medlemmene ved grunnlegginga kunne einast om, var da heller ikkje himmelropande radikalt – dei skarpaste postane galdt årlege storting og jury i straffesaker. Grunnleggarane såg for seg at parlamentpartiet dei var i ferd med å skipe, skulle ha støtte i ein veljarorganisasjon. Slik skisserer Ueland ein tenkt organisasjonsmodell:

Som Grundlag for Selskabet har jeg tænkt mig blandt Andet at Selskabet maatte have en Hovedbestyrelse; i ethvert Amt maatte Foreningen have Afdelinger. Saavel Hovedbestyrelsen som Afdelingerne maatte have regelmæssige Møder. Fra Afdelingerne maatte 1 a 2 Gange om Aaret sendes Deputerede til en Generalforsamling under Ledelse af Hovedbestyrelsen. [Hovedbestyrelsen] maatte have Ret til at iværksætte de Beslutninger som ere fattede af Generalforsamlingen, og desuden kunne handle selvstændigt i Selskabets Aand o.s.v.<sup>81</sup>

Her er så avgjort noko som minner om Marcus Thranes organisering av arbeidarforeningar eit lite tiår tidlegare. Men framfor alt er det ein modell bygd over konseptet for organisering innanfor frivillig sektor, som i Norge hadde vunne innpass på 1840-talet (sjå ovanfor).

## Ønsket om «et kraftigt Opositionsblad»

Først frå 1857 blei det ført nøyaktige referat frå stortingsdebattane.<sup>82</sup> Det kunne vere til hjelp når det måtte ryddast opp i misforståing og anna

78 Koht 1918: 231 ff. og 280 ff.; Bergsgård 1932-II: 187 ff.; Seip 1981: 104 ff.

79 Koht 1918: 232 og 284 f.

80 Brev frå Ueland til Sverdrup datert 03.09.1858, her gjengitt etter Koht 1918: 233 f., sitat: 233.

81 Som førre note: 234.

82 Stortinget, <https://www.stortinget.no/>

ugreie, men desse tekstane nådde jo ikkje vidt ut. Vile ein nå eit breiare publikum, var ein prisgitt blad og aviser, som valde og valde bort, og som gjerne ga framstillinga sin eigen vri. Ueland meinte han altfor ofte blei oversett eller mistolka.<sup>83</sup> På 1830-talet hadde *Statsborgeren* vore eit bondevennleg blad, men så krass i form at det skremte mange som nok støtta ein liberal opposisjon, men som betakka seg for å bli slått i hartkorn med rabulistar. Henrik Wergeland, sjølv medarbeidar i bladet, meinte «Fanden selv ... var mindre frygtet i Norge end Statsborgeren».<sup>84</sup>

Etter at dette bladet gjekk inn, var Ueland stadig på leit etter eit høveleg talerøyr. Lenge var Kristiania-avisa *Morgenbladet* ein god alliert. Men da Ueland viste interesse for thranittane, blei han for radikal for den meir moderate kretsen rundt denne avisa. Og da han nærma seg Sverdrup under tingsamlinga 1851, gjekk redaktøren, A. B. Stabell, i harnisk. Stabell frykta det radikale «U-Væsen», og Sverdrup såg han som «den onde Aand paa sidste Thing».<sup>85</sup> Etter at Christian Friele frå 1857 hadde tatt plass i redaktørstolen, fekk *Morgenbladet* ein klart konservativ profil. Friele var stadig ute etter bondeopposisjonens menn med hån og hogg – Nasjonen måtte vergast mot småbrukarar som med sin «halvdannelse» og «de blandt almuen rådende, langs jorden krypende synsmåter» fekk herje fritt i stortingspolitikken.<sup>86</sup>

Stortingsbøndene diskuterte mottiltak, men dels mangla dei ressursar, dels mangla dei tilgang til abonnentar mellom sine egne. Om lesekunsten kanskje var vidare utbreidd mellom allmugen enn ein tidlegare har antatt, var det enno få bønder som heldt eit blad.<sup>87</sup> I 1850 ville den enno unge Jaabæk sette fart i saka og appellerte til Ueland: «Du besidder Autoritet, jeg ikke».<sup>88</sup> Ueland svarte resignert at visst var det behov for «et kraftigt Opositionsblad», men han sendte ballen tilbake: «Du er saadan en Karl til at skrubbe mig, som nu er gammel og udslit ... Lad mig nu see at Du som besidde friske Kræfter og mere Mod, rører lidt paa dig».<sup>89</sup> Det

83 Bergsgård 1932-II: 5 ff.

84 Bergsgård 1932-I: 57.

85 Bergsgård 1932-II: 16.

86 Eide 2014, sitat: 86.

87 Bergsgård 1932-II: 13 f.; Døssland 2003.

88 Gjengitt etter Bergsgård 1932-II: 7.

89 Jaabækarkivet (SAK): Brev datert 17.11.1850.

var ei oppfordring Jaabæk skulle ta på største alvor, men det drygde til 1865 før han reiste seg i full høgde som myndig utgjevar av bladet *Folketidende*. I mellomtida hadde Marcus Thrane stått fram med sitt opposisjonelle prosjekt og det frispråklege *Arbeider-Foreningernes Blad*.

## Thranittar og bondevenner

Seip karakteriserer Thranerørsla og Jaabækrørsla som «for tidlig fødte partiorganisasjoner». I motsetning til representantparti dreier det seg her om veljarar i samforstand innanfor eit representativt demokrati. Da Marcus Thrane i 1848 gjorde sin første framstøyt for å aktivere meinigmann i politikken, hadde han ikkje sjølv nokon formell posisjon. Mellom tilhengarane hans var det dessutan mange som mangla stemmerett. Da Søren Jaabæk i 1865 tok fatt på sitt prosjekt, sto han på høgda av sin politiske karriere. Foreiningane han fekk i stand, kom langt på veg til å fungere som veljarorganisasjon til støtte for sakene han fronta på tinget.<sup>90</sup>

I mangt var desse rørslene ulike, seier Hans Try, men han peiker også på klare fellestrekk. I politiske saker sto dei ikkje langt frå kvarandre; dei bygde begge på den klassiske liberalismens grunnsyn. Dei fleste krava thranittane la fram i petisjonen til Kongen, kunne både Ueland og Jaabæk slutte seg til (sjå ovanfor). Det mest radikale kravet galdt allmenn mannleg stemmerett. Etter kvart kom Thrane til å gi uttrykk for meir revolusjonære synspunkt, og tapte nok sympatisørar på det. Jaabæk blei også skulda for å gli i sosialistisk lei, men han var omhyggeleg med å forsikre at han støtta demokratiet som styreform.<sup>91</sup>

Kvar i si tid vann desse rørslene høg tilslutning – grovt anslått opp mot 30 000 medlemmer. Thranerørsla rekrutterte både i by og bygd, stort sett frå lågare sosiale lag. Alt i alt skal det ha vore stifta om lag 400 foreiningar, men mange av desse kom aldri i jamn drift. Utbreiinga var i hovudsak avgrensa til det sørlege Norge og Trøndelag, med tyngdepunkt på Austlandet. På Vestlandet finn vi berre spreidde lag, og rørsla nådde aldri Nord-Norge.<sup>92</sup> Bondevennrørsla var rimelegvis knytt til bygdene. Alt i

90 Seip 1981: 77 ff.; Pryser 1977; Slettan 1999.

91 Try 1977; Pryser 1977; Slettan 1999.

92 Try 1977; Seip 1981: 77 ff.; Dørum 2012.

alt blei det skipa om lag 300 foreiningar, spreidde over alle amt, med unntak av Finnmark. Det er grunnlag for å anslå at bønder utgjorde rundt 90 % av medlemsstokken, dei øvrige var helst husmenn og arbeidarar.<sup>93</sup>

Når det gjeld organisering, må Jaabæk ha sett Thrane si verksemd som noko av eit lærestykke. Her viste det seg kor mykje det betydde å nå ut med skriftleg agitasjon på regulær basis. Både Thrane sjølv og dei næraste støttespelarane hans reiste rundt, møtte folk og heldt talar, men over tid var det *Arbeider-Foreningernes Blad* som blei viktigaste bindeleddet mellom dei mange lokale arbeidarlaga. Inspirasjon og forbilde fann Thrane i den engelske *chartist-rørsla*, som hadde organisert seg eit tiår i forvegen. Organisasjonen var enkel, få lag hadde formelle statuttar. Men dei makta å mobilisere til landsmøte i Kristiania, både i 1850 og i 1851. Her gjekk dei politiske diskusjonane høgt, med avstemmingar som viste aukande oppslutning om revolusjonære idear.<sup>94</sup>

Try framhevar det nyskapande i Thranes organisasjon – eit tidleg utslag av det enno nye fenomenet som i samtida blei kalla «Assosiationsaanden»: å skipe samanslutningar for eit felles formål, velje leiarskap, betale kontingent og rådslå om korleis ein best kunne fremme si sak. For å få i gang slike tiltak kravdest det mellom anna lese- og skrivekunnskap, og det tok tid å opparbeide grunnleggande foreiningsteknisk kompetanse. Mange av arbeidarforeiningane hadde da også eit heller vaklande fundament.<sup>95</sup> Lokale undersøkingar viser at desse foreiningane, særleg på bygdene, var rekruttert på grunnlag av det gamle samfunnets sosiale orden: familie, gardssamfunn og grannelag. Foreiningskonseptet representerte noko nytt, her skulle dei tenke og handle som medlemmer av eit meiningsfellesskap, i prinsippet uavhengig av andre bindingar. Idealtypisk taler vi om forskjellane på primær- og sekundærgrupperelasjonar.<sup>96</sup>

Da Jaabæk nesten 20 år seinare tok fatt på si organisasjonsbygging, var det mange fleire som hadde skaffa seg grunnleggande erfaring – ikkje berre med frivillige lag, men også med det kommunale sjølvstyret. For mellom Jaabæk sine tilhengarar hadde fleirtalet stemmerett. Try

93 Try 1977; Try 1979-II: 12 ff.; Seip 1981: 77 ff.

94 Bjørklund 1982: 18 ff., 30 ff.; 42 ff.; Try 1977; Try 1985: særleg 51 ff.; Ringvej 2014: 227 ff.

95 Try 1977: 187 ff.; Try 1985: 15 f.

96 Pryser 1977.



framhevar dessutan det sterke innslaget av skolelærarar i lokale leiar-sjikt – lærarane utgjorde ei «nøkkelgruppe for bondevennrørsla». Så ser vi også at bondevennene legg opp til ganske avansert drift av sine foreiningar. Jaabæk var sjølv arkitekt for det første lokallaget, skipa i Mandal prestegjeld 1865. Dette laget blei modell da nye foreiningar blei skipa. Dei hadde statuttar i samsvar med prinsippa for moderne organisasjonsdemokrati, og dei fekk etter kvart regionale samanslutningar på amtsplan.<sup>97</sup>

Bondevennene fekk aldri vald eit eige landsstyre, men «Overbestyrelsen i Mandal» – det vil i praksis seie Jaabæks heimelag – tok seg rett til å fungere som overordna organ. Bladet *Folketidende*, tenkt som bindeledd mellom stortingsrepresentantar og veljarkorps, var nok først og fremst Jaabæks eige prosjekt. Her ga han lesarane informasjon om debattar på tinget og lister som viste korleis namngitte representantar hadde stemt i den eine og andre saka. Gjennom *Folketidende* presenterte Jaabæk også spørsmål han ville høyre lokallaga sine meiningar om. Svara han fekk inn, nytta han for alt det var verd. Kven andre kunne ta ordet i tingsalen og i sak etter sak påberope seg støtte frå veljarar i hopetal?<sup>98</sup>

Ingen av desse rørsleane fekk noko langt liv. Thranerørsla blei som kjent rettsforfølgd og braut saman da Thrane sjølv og fleire av dei mest aktive tilhengjarane blei dømt for planar om revolusjon.<sup>99</sup> Jaabækrørsla døydde av meir 'naturlege årsaker', må vi kunne seie, utan at vi her kan vise til enkle svar eller gi rom for den faglege debatten om grunnane til vekst og fall.<sup>100</sup> I kortform skal det likevel nemnast at historikarar som har grunnlag for å meine noko om dette, stort sett kan einast om at den omstridde «statsrådssaka», som endte med riksrett, blei ein sprengkile i organisasjonen. Jaabæks kontroversielle forhold til kyrkja og presteskapet har nok heller ikkje verka samlande for breie lag av bønder.<sup>101</sup> Eller var bondevennene når alt kom til alt, mest opptatt av nærsamfunn og lokal politikk?

97 Try 1979-II, sitat: 16.

98 Jaabækarkivet (SAK): *Folketidende*, passim.

99 Bjørklund 1982: 50 ff.; Ringvej 2014: 245 ff.

100 Sjø f.eks. Try 1979 II, Seip 1981: 89 ff.; Slettan 1999.

101 Slettan 1979; Roos 2016.



Søren Jaabæk.

Tegning av Gustav Lærum i «Verdens Gang»  
23. oktober 1891.

### III Nærblikk på ei lokal bondevennforeining

Nes landsokn femna om spreidde grender i det berglendte landskapet som omkransar byen Flekkefjord. Som ellers i det sørvestlandske kystbeltet var det magre kår for jorddyrking, og gardane blei sterkt oppdelte. Bøndene måtte berge seg ved mangesysleri. Det lokale bondevennlaget blei skipa hausten 1869, under namnet Næs Sogns Folkevennforening. Møteprotokollen er dessverre gått tapt, men mykje av verksemda kan ettersporast gjennom møtereferat og andre opplysningar gjengitt i *Folketidende*, og gjennom brevmateriale i Jaabækarkivet. Siste spor av aktivitet er frå 1875, da dette laget var vertskap for amtsbondevennmøtet. Ved årsskiftet 1883/84 vakna dei ivrigaste bondevennene til nytt liv. På same vis som amtsbondevennforeininga meinte dei no – «etter vort Lands politiske Bevægelse» – at tida var inne til å skipe venstreforeining.<sup>102</sup>

### «... at hæve os selv til mere Lighed, Frihed og Selvstændighed»

Etter møtereferata å dømme tente foreininga eit stykke på veg som samtalelag, ein diskusjonsklubb som tok opp likt og ulikt av interesse for samfunn og fellesskap – «saasom at afskaffe de altfor store og kostbare Gjæstebud, Brylluper, Ligfærd (Gravøl), Barsøller, at vise Afsky for Drukenskab, paavise at en troende Kristen ikke bør føre Krig og dræbe Mennesker».<sup>103</sup> Men dei veik ikkje unna for meir spissa politiske spørsmål, og viste snart at dei hadde tenner.

På det lokale planet markerte dei seg med kritiske spørsmål til heradsstyret, for eksempel ved å krevje rekneskapsbøkene utlevert for ettersyn – dei hadde mistanke om misleghald. Heradsstyret nekta; dei skulle ha seg fråbedt å bli kikka i korta av denne «saa kalte Bonde eller Folkeforening».<sup>104</sup> Etter kvart ser vi at også menn i etablerte posisjonar såg seg tent med å teikne medlemskap. Lensmannen, sittande ordførar og to andre heradsstyremedlemmer blei bondevenner sommaren 1870. Var dei

102 Seland 1988: 74 (sitat) og 98 ff.

103 Seland 1988: 100, med ref. til artikkel ved J. Loge i *Folketidende* nr. 43–1871.

104 Seland 1988: 127, med ref. Amtmannens journalsaker 605/72.

blitt politisk overbevist – eller tok dei grep for å vinne kontroll over ein uregjerleg opposisjon?

Som ellers i landet var også denne foreininga særleg aktiv i valår, både ved kommune- og stortingsval. Ved riksval var det bondevenner som toppa valmannslistene, og dei støtta naturleg nok sine egne. Det tok ikkje lang tid før formannen deira, Johannes Loga, kledde vervet som viseordførar og deretter ordførar. Det er både stoltheit og patos i deira egne utsegner om framgangen – som Johannes Loga uttrykte det, da han sto som vinnar av valmannsvalet 1870: «Det Gud vil have frem kan intet Menneske forhindre»!<sup>105</sup>

Dagsorden var ellers styrt av sakene Jaabæk og Overbestyrelsen i Mandal sendte ut til lokallag over heile landet. I Nes kunne dei gjerne overgå Jaabæk i ‘jaabækianisme’: Kom det forslag om nedskjering av lønn til embetsmenn, foreslo dei ytterlegare kutt – opptil 200 spd. lågare for kvart steg på skalaen. Meinte Jaabæk at «unødvendige» embete burde leggst ned, fekk han høgroysta bifall. Etter å ha gjort det av med skoledirektørar og veginspektørar slo nessokningane kjekt frampå om at også futane kunne unnverast. Da meinte sjølv Jaabæk det gjekk for vidt, og ga dei ei skrape i *Folketidende*.<sup>106</sup>

Ikkje slik å forstå at lokalforeininga kjende seg forplikta til å følge Overbestyrelsen i eitt og alt. Den omstridde sak nr. 33, med forslag om mistillit til Stang-ministeriet, vann tilslutning i Nes. Men foreininga var splitta i synet på direkte val (sak nr. 11), og sa seg usamde i Jaabæks meining om inndriving av «Smaagjæld» utanom lova (sak nr. 8).<sup>107</sup> Gjennom formannens følgeskriv til møtereferata han sendte Jaabæk, kan vi ane eit djupare skisma innanfor laget: Det er mykje som tyder på at styret, og særleg formannen sjølv, sto for eit meir radikalt syn enn det som vann gjenklang i medlemsstokken. Men sparelinja til Jaabæk, den hylla nesbøndene samstemt og sterkt!<sup>108</sup>

Ein kan nok få inntrykk av at dei dreiv det vel langt i pengepugeri – som om dei i nyvakna medvit om at dei no, når dei endeleg kunne gjere

105 Seland 1988: 100 og 127 ff.; sitat frå brev til Jaabæk, poststempla 06.08.1870.

106 Seland 1988: 98 f., med ref. *Folketidende* nr. 38–1871.

107 Refererer til nummerering av i alt 42 saker Overbestyrelsen i Mandal sendte ut til lokallaga.

108 Seland 1988: 99.

seg gjeldande i politikken, måtte vise klør i stort som i smått. For «Bondeventanken med større Selvbevidsthed [er] kommen paa Glid», erklærte Ole A. Glendrange frå Nes da han talte på amtsmøtet i Lyngdal hausten 1872. «[D]en arbeidende Klasse» skulle endeleg reise seg frå «Kryberi og slavisk Underdanighed» og kreve «mere Lighed, Frihed og Selvstændighed». Da galdt det å slutte rekkene: «Jeg vil kalle Eder Brødre» – «Vi bør være som Soldater i en Armee [...] Alle maa virke i Enighed viss Fienden skal beseires og Maalet naas»!<sup>109</sup>

På det lokale planet kjem ønsket om brorskapsband også til uttrykk i forslag om praktiske ordningar. På nyåret 1873 gjorde bondevennene i Nes vedtak om at ingen medlemmer av foreininga skulle saksøke kvarandre utan at konflikten først var lagt fram for eit internt utval på tre til fem menn. Innanfor det offentlege rettsstellet hadde lokalsamfunnet sitt forliksråd, men bondevennene meinte altså det var naturleg at konflikter der lagslemmer sto mot kvarandre, skulle løysast innanfor deira eige fellesskap.

Som over alt i landet mobiliserte også nesbøndene sterkt ved det såkalla riksrettsvalet 1882.<sup>110</sup> I oktober året etter gjekk amtets bondevennforeining over til å bli amtsvenstreforeining – ved namneskifte.<sup>111</sup> To månader seinare møttest 30 av dei gamle bondevennene i Nes og stifta sitt lokale venstrelag – også dette ved namneskifte. Det var ei tid med høgspenning i rikspolitikken. Også i bygder fjernt frå Kristiania var den pågåande riksrettssaka samtaleemne mann og mann imellom. Det er vanskeleg å sjå at dette hadde vore mogleg utan fundamentet som var lagt gjennom arbeidet i bondevenntida.

## Statsrådssaka: Kva ville Ueland ha gjort?

Den breie støtta til Venstre og riksrettssaka var nok ikkje alltid grunna i djup forståing for det politiske spelet. Førjuls vinteren 1883 arbeidde den tidlegare bondevennformannen, no nyslått venstreleiar i Nes sokn, Johannes Loga, med ei «Erklæring» som skulle overtyde nølarane om

109 Seland 1988: 101, med ref. *Folketidende* nr. 7–1873.

110 Mjeldheim 1984: 58 ff. og 313.

111 Mjeldheim 1984: 71 f.

at dei måtte støtte Venstre. Her trongst solide forbilde, sjølvaste O. G. Ueland skulle kallast til vitne. Kva ville Ueland ha meint, om han hadde levd? Erklæringa er lagt i munnen på «en ældre Mand – nu 77 Aar» i nabosokna Bakka. Han hadde hatt mang ein samtale med Ueland om saker som «behandlede i Storthinget under hans Thingfærd».<sup>112</sup>

Det var vel kjent at Ueland i si tid hadde stemt imot grunnlovsending som skulle gi statsrådene adgang til Stortinget. Men sjå om ikkje den gamle hovdingen likevel hadde peikt mot dagens venstrepolitikk. På Bakka-mannens spørsmål om det ikkje ville vere tenleg at statsrådene kunne kallast til møte med tingmennene, skal Ueland ha svart: «Du har Ret! Saa maa ske.» Men ettersom han var «af de finere Politikkere», såg han djupare i saka og fann at tida enno ikkje var moden:

Nu Fortiden har vi for mange Embedsmænd i Thinget, men naar vi som nu er vælger paa disse til Præsidenter m.v. saa faar vi dem til dels med os paa et eller andet Forslag. Jeg frøgtter! At naar Statsraadet kommer i Thinget disse Hrr da staa og bukke, og sige ja til hvad Stadsraadet forlange;

Her måtte ein vise tolmod – bøndene måtte først skaffe seg ein sterkare plattform på Stortinget. Men Ueland var trygg på at ein gong skulle den gamle orden falle:

For min Del skulde jeg ønske Stadsraadet i Thinget, jeg skulde sige dem mange drøie Ord; men Tiden er endnu ikke kommen, men efter hvert som det norske Folk gaar frem i Oplysning, vil det ske og bør det ske...

Dermed hadde Ueland talt frå grava. For sør- og vestlandske bønder sto han enno som grunnfast autoritet. Og døde autoritetar gjer seg berre vel så godt som levande, det har Johannes Loga visst å spele på.

## Radikalisme i rikspolitikken, konservatisme på heimebane

Styret for Næs Sogns Venstreforening hørde alt til den kommunalpolitiske eliten da dei gjekk i gang med det nye laget, alle styremedlemmene

---

<sup>112</sup> Seland 1988: 102 ff., med ref. arkiv etter J. Loga, i privat eige.

hadde skaffa seg ein sterk posisjon i bondevenntida. 80 % av dei hadde eller hadde hatt kommunale verv. Samtlege heradsstyre-representantar valde i 1883, var medlemmer eller styremedlemmer i venstrelaget.<sup>113</sup>

Slik den lokale bondevennforeininga hadde støtta opp om dei mest ytterleggående standpunkta i Jaabæks politikk, heldt venstrelaget fram med å markere radikalisme. Men ser vi nærare på sakene dei tok opp dei første åra, er det tydeleg at nære, bygdepolitiske spørsmål snart sprengde seg inn. Det er ei slåande motsetning mellom radikalismen desse venstremennene viste i rikspolitiske saker, og konservatismen som kjem til uttrykk i lokalpolitikken. Dei hylla gjerne parlamentarismen og ønskte både «kirkelige og borgerlige reformer». Men heime i bygda ville dei ha legdordninga tilbake i fattigstellet, lærarane ville dei helst fø i naturalia, og dei ville halde fast ved pliktarbeid i vedlikehald av vegane.<sup>114</sup>

Når det galdt bygdepolitikken, kjende dei på kroppen kva moderne ordningar kosta. Og no kosta det i kontant skilling – for mange fall det langt tyngre enn å yte i naturalia og arbeidsplikt. Her ser vi klare utslag av haldningane Sverre Steen framhever, når han peiker på motsetningane mellom marknadsorientering og naturalhushald som ein nøkkel til å forstå bøndernes politikk (sjå ovanfor). Rikspolitikken opplevde nesbøndene på avstand – her hadde dei råd til å reformere, så lenge dei hadde sine eigne folkevalde til å kontrollere utgiftene. Når slike saker jamt over fekk meir overflatisk behandling i medlemsmøta, kan det skuldast at lands- og amtsvenstreforeininga ikkje alltid pleidde kontakten like omsorgsfullt. Men det var nok også slik at rikspolitiske problem i rolegare tider blei opplevd som noko fjernt.<sup>115</sup>

## Sluttord

Bondeopposisjonen utgjorde aldri ei einsarta gruppe. Særleg markant var skilnaden mellom storbønder frå det klassesdelte Austlandet og tingmenn med bakgrunn i ein meir egalitær sør- og vestlandsk bygdekultur. I mange saker sto dei likevel saman, og i visse reformspørsmål gjekk

113 Seland 1988: 128 f.

114 Seland 1988: 105 ff.

115 Seland 1988: 106 f.

fronten på tvers av tradisjonelle standsskille. Det blei avgjerande for den venstrekoalisjonen som mobiliserte før «riksrettsvalet» 1882, og slik opna for parlamentarismen i norsk statsskikk. Undervegs i denne prosessen voks det moderne partisystemet fram, med fastare gruppesamarbeid på tinget og masseorganisering av veljarar på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Den parlamentariske bondeopposisjonen vann styrke på 1830-talet, da bøndene for første gong var i fleirtal på tinget. Skal vi forstå bakgrunnen for dette gjennomslaget, må vi følge lengre linjer i utviklinga av utanomparlamentarisk opposisjon. Da kan det i første omgang synast søkt å ta utgangspunkt i ei religiøs rørsle. Hans Nielsen Hauge forfekta aldri idear om endring av det etablerte styresettet. Men slik kyrkja var med på å bære statsbyggnaden – ikkje berre under eineveldet, men til langt opp mot vår eiga tid – kunne religiøs opposisjon lett oppfattast som trugande for stat og samfunn. Fleire historikarar har da også sett Haugerørsla som ein forløpar for 1800-talets opposisjon mot embetsmannsstaten. Med Thranerørsla blei det på politisk grunnlag reist ein folkeleg opposisjon, i hovudsak tufta på liberalismens idear. Mykje av det thranittane sto for, løfta Jaabækrørsla vidare fram, no innanfor eit program som skulle fremme bøndenes interesser.

I det historiske bildet må vi sjølvsagt ha blikk for den sterke folkeveksten som prega 1800-talet, for grunnleggande endringar i samfunnsstruktur og skiftande vilkår for kommunikasjon. Skulle ein nå fram med samfunnskritikk og nye idear, måtte dei opposisjonelle tankane ha grunnlag i ein brei opinion. Gjennom omfattande agitasjonsreiser, ved å satse på eit korps av dyktige mellomleiarar og institusjonalisere ein skikk for vennebesøk, brevveksling og kolportasjon av skrifter, var Hauge den første som makta å bygge eit nesten landsomfattande nettverk for folkeleg opposisjon. Thrane og hans støttespelarar reiste også som agitatorar, men no – ved midten av 1800-talet – kunne det trykte mediet vere eit vel så viktig middel til nettverksbygging. Thranerørsla var forbilde da Jaabæk i 1860-åra grunnla bondevennrørsla og gjorde *Folketidende* til ei livline mellom Stortinget og ein vaknande veljarskare. Mange av Jaabæk-foreiningane blei seinare omdanna til moderne partilag. Dei utgjorde ei berande kraft innanfor den liberale venstrekoalisjonen som i 1884 gjorde



ende på «embetsmannsstaten». Slik kan vi følge dei lange linjene, frå religiøs opposisjon under det seine eineveldet til rammene var lagt for parlamentarisme og massedemokrati.

## Kjelder og litteratur

### Trykte kjelder og faglitteratur

- Bergsgård, A. (1932). *Ole Gabriel Ueland og bondepolitikken*, bind I og II. Oslo: Aschehoug.
- Bergsgård, A. (1965). *Norsk historie 1814–1880*. Oslo: Samlaget.
- Bjørklund, O. (1982). *Marcus Thrane*. Oslo: Tiden.
- Dahl, O. (1990). *Norsk historieforskning i det 19. og 20. århundre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dyrvik, S. og Nagel, A. H. (red.) (2014). *Folkestyre? Kritisk lys på 1814-demokratiet*. Bergen: Bodoni.
- Dyrvik, S. (2014). «Røysteretten i 1814», i S. Dyrvik og A. H. Nagel (red.).
- Dørum, K. (2012). «Thrane-bevegelsen i nytt lys», i K. Dørum og H. Sandvik (red.). *Opptøyer i Norge 1750–1850*. Oslo: Spartacus / Scandinavian Academic Press.
- Dørum, K. og Sødal, H. K. (red.) (2017). *Hans Nielsen Hauge: fra samfunnsfiende til ikon*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Dørum, K. og Sødal, H. K. (2017). «Hauge, haugianerne og kontrastene», i K. Dørum og H. K. Sødal (red.).
- Dørum, K. (2017). «Haugianerne i norsk politikk på 1800-tallet», i K. Dørum og H. K. Sødal (red.).
- Døssland, A. (2003). «Bønder, bøker og politikk». *Historisk tidsskrift*, bind 82.
- Eide, M. (red.) (2014). *Journalistikkens norske klassikere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Eide, M. (2014). «Christian Friele (1821–1899)», i M. Eide (red.).
- Fougstad, C. (1834). *Det norske Storthing i 1833*. Christiania: Johan Dahl.
- Fuglum, P. (1949). «Ueland, Ole Gabriel Gabrielsen», i *Norsk biografisk leksikon*, bind XVII. Oslo: Aschehoug.
- Hommerstad, M. (2014). *Politiske bønder: bondestrategene og kampen om demokratiet 1814–1837*. Oslo: Spartacus / Scandinavian Academic Press.
- Hyvik, J. (2016). *Tokulturlæra i norsk historie*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Koht, H. (1918). *Johan Sverdrup*, bind I, 1816–1869. Kristiania: Aschehoug.
- Koht, H. (1926). *Norsk bondereising. Fyrebuing til bondepolitikken*. Oslo: Aschehoug.

- Kaartvedt, A. mfl. (1964). *Det Norske Storting gjennom 150 år*, bind I. Oslo: Gyldendal.
- Malmanger, M. og Sørensen, B.: «Adolph Tidemand», i *Norsk kunstnerleksikon*, (digital utgave, lese 11.04.2018).
- Mjeldheim, L. (1984). *Folkerørsla som vart parti. Venstre frå 1880-åra til 1905*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Mjeldheim, L. (1987). *Politiske prosessar og institusjonar*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Myking, J. R. (2014). «Førebuing til 1814? Bøndene si deltaking i formelle lokale institusjonar før 1814», i S. Dyrvik og A. H. Nagel (red.).
- Pryser, T. (1977) (red.). *Thraneørsla i norske bygder*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Pryser, T. (1977). «Innleiing», i Pryser (red.).
- Ringvej, M. (2014). *Marcus Thrane. Forbrytelse og straff*. Oslo: Pax.
- Roos, M. (2016). «En opposisjonell og fritenker. Betydningen av kristendomsynn i debatten om skolelovgivningen frem mot 1889: Søren Jaabæks posisjon». *Historisk Tidsskrift*, bd. 95 nr. 3.
- Seip, J. A. (1974). *Utsikt over Norges historie, første del, Tidsrommet 1814-ca. 1860*. Oslo: Gyldendal.
- Seip, J. A. (1981). *Utsikt over Norges historie, annen del, Tidsrommet 1850–1884*. Oslo: Gyldendal.
- Seland, B. (1988). *Fellesskap og foreningsvekst. En undersøkelse fra Nes sogn, Vest-Agder, ca. 1850–1900*. Øvre Ervik: Alvheim og Eide.
- Seland, B. (2016). «1800- og 1900-tallets religiøse bevegelser: historiografiske perspektiver på forskning og formidling». *Historisk tidsskrift*, bd. 94.
- Seland, B. (2017). «I 'Fællesskab og Samfund' – Haugebevegelsens organisasjon», i K. Dørum og H. K. Sødal (red.).
- Slettan, D. og Try, H. (red.) (1979). *Bondevenene. Jaabækrørsla 1865–1875*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Slettan, D. (1979). «Politisk aksjon i kristendommens namn?», i D. Slettan og H. Try, (red.).
- Slettan, D. (1999). «Søren Jaabæk som stortingsmann», i B. Seland (red.). *Agderbenken. Landsdelens representanter på Stortinget fra 1814 til 1990-tallet*. Kristiansand: Høgskolen i Agder, Skriftserie nr. 57.
- Steen, S. (1958). *Tusen års norsk historie. Artikler og avhandlinger av Sverre Steen*, utgitt til hans 60-årsdag. Oslo: Cappelen.
- Steen, S. ((1932) 1958). «Ole Gabriel Ueland og bondepolitikken», i *Tusen års norsk historie*.
- Steen, S. ((1946) 1958). «Hans Nielsen Hauge og bondereisingen», i *Tusen års norsk historie*.
- Steen, S. (1948). «De frivillige sammenslutninger og det norske demokrati». *Historisk tidsskrift*, bd. 34.

- Steen, S. (1957). *Det gamle samfunn; Det frie Norge*, bd. 4. Oslo: Cappelen.
- Steen, S. (1962). *Konge og storting; Det frie Norge*, bd. 5. Oslo: Cappelen.
- Storsveen, O. A. (2014). «Peder Soelvold (1799–1847)» og «Henrik Wergeland (1808–1845)», i M. Eide (red.).
- Tarrow, S. G. (2011). *Power in Movement. Social Movements and Contentious Politics*. Cambridge: University Press.
- Try, H. (1977). «Thrannerørsla og bondevennene», i T. Pryser (red.).
- Try, H. (1979-I). *To kulturer – en stat: 1851–1884*, i Knut Mykland (red.). *Norges historie*, bind 11. Oslo: Cappelen.
- Try, H. (1979-II). «Bondevenerørsla 1867–1873 – ei regional jamføring», i D. Slettan og H. Try (red.).
- Try, H. (1985). *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perspektiv*. Øvre Ervik: Alvheim og Eide.
- York, E. U. (2014). «Frå bondeopprør til bondevener. Politisk kultur på Sør- og Vestlandet før og etter 1814», i S. Dyrvik og A. H. Nagel (red.).

## Arkivalia

- *Statsarkivet i Kristiansand* (SAK): Privatarkiv etter Søren Jaabæk, Dep. 431–500 (Jaabækarkivet).
- *Statsarkivet i Kristiansand* (SAK): Amtmannsarkivet, Lister og Mandals amt. Journalsaker 1862–1877.
- *Riksarkivet* (RA): Privatarkiv etter Ole Gabriel Ueland, 0241 /F /L0001–0005 (Uelandarkivet).

## Periodika, oppslagsverk og nettsider

- Folketidende*, diverse årgangar (sjå noteverket)
- Norsk kunstnerleksikon*, <https://nkl.snl.no>
- Stortinget, <https://www.stortinget.no/>